

Høyringsuttalelse

202207831

Onarheim transformatorstasjon

05.03.2023

Når ein skal i gang med ny transformatorstasjon ved Hydro Husnes, så må ein sjå på stamnettet i Kvinnherad på ein ny måte, og i samanheng med Onarheim transformatorstasjon. Oppgraderinga av stamnettet mellom Mauranger og Matre MÅ tas med i planlegginga av ny transformatorstasjon ved Hydro Husnes.

Dette må gjerast av fleire grunnar:

- Oppgradering av eksisterande stamnett frå 300 til 420 KV mellom Mauranger og Matre vil garantert utløyse mykje motstand, aksjonar, diskusjonar og unødig tidsbruk.
- Trasen som er nytta i dag til 300 KV'en, og tenkt nytta for ny 420 KV linje går tett opp mot bustad, turistområdet og Baroniet i Rosendal. Dette er ikkje gunstig for turistnæringa eller for innbyggjarane med tanke på stråling og kreftfare.
- 300 KV'en går i dag gjennom fjordlandskap som NVE i konsesjonssaka om Svoldal kraftverk kategoriserte som **fjordlandskap med A-verdi**. Dette var ein av grunnane til avslaget i den kraftverksøknaden.
- Skal linja leggjast utanom Rosendal og andre bygder, så kjem den opp i landskapsvernområdet og heilt inn mot Folgefonna Nasjonalpark. Noko som vil skapa motstand der også.
- Kvinnherad Kommune er ein turistmagnet og treng ikkje ny og større linje i lufta, som vil verta endå meir synbar enn den gamle frå slutten av 60 talet. Altså mykje meir visuelle forsøpling i flott Norsk natur type **fjordlandskap med A-verdi**.

- Teknologien i dag er ein heilt anna enn på 60 talet når den gamle 300 KV'en vart bygd. I dag er det fullt mogeleg å leggja denne linja som sjøkabel, nok som ikkje var tilfelle på 60 talet.
- Viss vårt alternativ vert valt, vil ein unngå ein mengde med klager, utsetjingar og ein kan start opp raskt. Ein vil også spare mykje tid og resursar med tanke på høyringar, grunnforhandlingar osv. Altså ein vinn vinn situasjon for NVE, Statnett og Kvinnherad Kommune.
- Det er ingen grunn for at Kvinnherad Kommune skal stå med huo i håndo og godta forslaget til ny linje som NVE / Statnett vil byggja ved sida av den gamle 300 KV'en.
- For å bruka NVE's eigne ord: **Fordelene er større enn ulempene** med dette forslaget.

Dette er vårt forslag til løysing for oppgradering av stamnettet mellom Mauranger og Matre, som MÅ sjåast på i samanheng med Høringsuttalelse 202207831 for Onarheim Transformatorstasjon:

- Den nye 420 KV'en MÅ leggjast som kabel i fjorden, frå Mauranger til Hydro Husnes.
- På oppsida av Hydro skal det opp ein ny transformator og koplingsstasjon. Sjøkabelen må leggjast heilt opp til den nye stasjonen.
- Tilretteleggja trase for å ta på land sjøkabel frå Mauranger ved industriområdet på Husnes. Dette kan enkelt gjerast med ein kulvert frå fjorden og opp til stasjonen.
 - Kulverten kan også brukast seinare når stamnett linja til Bogsnes og kabelen derifrå skal oppgraderast til 420KV. På informasjonsmøte på Husnes så vart det sagt at denne linja skal leggjast i kabel når den skal oppgraderast.

- Kulverten kan også brukast for kabel til Gismarvik, i staden for å øydeleggja naturen i Etne, Ølen og ned mot Haugalandet.
- Kulverten er også kjekt å ha for resten av industriområdet på Husnes. Det skal på plass mykje røyr og kablar på eit sånt industriområde. Kulverten kan brukast av fleire, og kostnadane kan delast. For eksempel vannbåren varme frå Hydro til industribygga på Industriområdet.
- Kabelen må gravast ned i Mauranger enden, og gå heilt opp til transformator/omformarstasjonen.
- Det er allereie laga ein kabeltrase for NorthConnect kabelen frå Sima innerst i Hardangerfjorden til Skottland, gjennomførte i perioden juli-november 2017. Traseen går sør/søraust av Sild, så her kan Mauranger kabelen leggjast i denne traseen heilt til Husnes.
 - NorthConnect trasen kan også nyttast for kabel til ny 420KV til Gismarvik på Haugalandet.
- Linja frå Husnes til Matre skal oppgraderast til 420 KV, og kan då nyttast til å frakta straumen over fjellet til eller frå Matre og Husnes.
- Uttalese frå NVE om Northconnect kabelen: For skipsfart, fiskeri og havbruk meiner at NVE konsekvensane av sjøkabel er små.
- **Som sagt: Fordelen er større enn ulempene.**

Leiar



Gunnar Helleland

Legger ved avisinnlegget som vi hadde januar.

Oppgradering av stamnettet frå 300 til 420 KV Mauranger - Matre

Når det no er snakk om oppgradering av den gamle 300 KV'en frå Mauranger til Matre, så må det i 2023 vera mogeleg å tenkja nytt. Å nytta same linjetraséen som i dag, er lite sannsynlege med tanke både på turistbygder, Baroniet i Rosendal og nærleiken til bustader, noko som ikkje er gunstig med tanke på stråling frå linja. Ser at nokre vil byggja linja lenger inne på fjellet, men det er heller ikkje lurt med tanke på miljø, urørt natur og Kvinnherad som turist Kommune. Kvinnherad INP tenkjer nytt, og vil jobba for å leggja 420 KV'en i kabel i fjorden, frå Mauranger til Hydro Husnes. På oppsida av Hydro hallane skal det uansett opp ein ny koplingsstasjon for nytt 420 KV anlegget til Hydro. Linja frå Husnes over til Matre skal oppgraderast, og kan då nyttast til å frakta straumen over fjellet til eller frå Matre. Det er allereie laga ein kabeltrase for NorthConnect kabelen frå Sima innerst i fjorden til Skottland. Traseen går sør/søraust av Sild, så her kan Mauranger kabelen leggjast i denne traseen heilt til Husnes.

Kabelen frå Bogsnes skal også på sikt skiftast ut med 420KV kabel. Når det skjer, kan heile anlegget med linje og kabel i det området fjernast, og ny kabel leggjast i sjø rett til den nye koplingsstasjonen ved Hydro.

Når dei fyrst lagar ny koplingsstasjon på Husnes, så kan denne også nyttast som utgangspunkt for kabel til Gismarvik på Haugalandet. Dette vil spare Kvinnherad, nabokommunane våre Etne, Ølen og vidare mot Haugalandet for nye store unødvendige naturinngrep med 420 KV linje.

For skipsfart, fiskeri og havbruk meiner NVE konsekvensane av sjøkabel er små. Kartet viser kabeltraseen for Northconnect kabelen.



Eit knutepunkt med ny koplingsstasjonen for stamnettet ved Hydro Husnes bør også vera positivt for nyetableringar og nye jobbar på industriområdet på Husnes.

På 60 talet når 300 KV'en vart bygd, var ikkje dette noko tema, men med dagens teknologi er det fullt mogeleg. Kvinnherad INP vil jobbe for ei fornuftig løysning, som vi meiner er sjøkabel alternativet.

Kvinnherad INP

Gunnar Helleland